

1 Senterungdomen sin Ung-bonde-pakke

2

3 I dagens urolege verd har det kanskje aldri vore viktigare å produsere mat i Noreg. Dei siste
4 tiåra ser ein likevel at tal bønder gått drastisk ned. Det er ein trend vi må og skal snu. Difor
5 lanserer Senterungdomen sin Ung-bonde-pakke.

6 Vi lyt gjere det lettare for unge under 35 år å starte som bonde. Difor føreslår vi mellom
7 anna å utbetale eit eingongstilskot på éin million til unge som tek over eller kjøper eit
8 gardsbruk, og å doble tilskota i ein overgangsperiode med generasjonsskifte. Unge bønder
9 må også kunne leve eit moderne liv ved sidan av gardsdrifta. Difor må vi få på plass gode
10 velferdsordningar, slik at bønder kan få ungar, reise på ferie og ha rom til å vere sjukemeldt
11 dersom det trengs.

12 Senterpartiet i regjering ført til ein aukande optimisme i næringa. Med Senterungdomen sin
13 ung-bonde-pakke håpar vi å få endå fleire unge bønder som vil ta på seg den viktige
14 oppgåva det er å drive jorda vår og å produsere mat til Noregs befolkning.

15

16 Senterungdomen vil:

- 17 • Innføre skattefritak på GSU på lik linje som BSU.
- 18 • Gi eit eingongstilskot på éin million kroner til alle bønder under 35 år som tek over
19 eller kjøper eit gardsbruk og har bondejobben som hovudgeskjeft.
- 20 • Doble tilskota til gardsbruket i ein overgangsperiode på maksimalt tre år der neste
21 generasjon skal ta over garden.
- 22 • Tilby ein årleg frivillig samtale med kvalifisert helsepersonell for alle bønder, og
23 generelt auke fokuset på psykisk helse i landbruket.
- 24 • Utgreie foreldrepermisjonsordninga for bønder, med mål om at ein reelt sett skal få
25 foreldrepermisjon på lik linje som andre yrkesgrupper.
- 26 • At alle fulltidsbønder skal ha rett på fem avløyserveker i året.

27

28 Innsendt av politisk utval

29